

# HAUST


Eit tverrfagleg arbeid i norsk,  
musikk og kunst og handverk





Gå ut, ta med papir og  
blyant og tenkjeskriv!

- *Set deg under eit tre.*
- *Lat att auga.*
- *Kjenn godt etter.*
- *Korleis er hausten?*
- *Kva haustlydar høyrer du?*
- *Korleis luktar hausten?*
- *Sjå deg rundt. Korleis ser hausten ut?*
- *Torer du å smake på hausten?*



Læraren les diktet  
«Haust» av Ruth  
Lillegraven, gjerne fleire  
gongar. Ein kan også lese  
diktet i kor.

- Diktet finn du [her](#).
- Arbeid i små grupper på 2–3 elevar:
  - Kva legg de merke til i dette diktet?
  - Kva kan diktet handle om?
  - Korleis kan hausten springe?
  - Dersom hausten kan skildrast som ein person – kva slags person er dette?
  - Kva slags person ville sommaren vore?
  - Kva kjensler får de når de les diktet?
  - Kva ord kan vi bruke om kjensler?

Kva har gruppene kome fram til?



# Måleri med haustfargar

- **Alle målar to ark** med lysande haustfargar.
- Deretter finn ein blad som ein målar med fargar, og lagar avtrykk av blada på arket.
- Gruppa målar eit felles A3-ark som dei målar med mørkare haustfargar.
- Klipp ut blada. Skriv ord eller korte setningar frå tenkjeskrivinga på blada. Du kan skrive andre haustord også.
- Til slutt limer ein blada på A3-arket.